

Sak 67-26 VIDARE UTVIKLING AV HØGARE UTDANNING I HALLINGDAL**Bakgrunn:**

Hallingdal har dei siste åra bygd opp fleire gode initiativ innan høgare utdanning. Samtidig ser me at både utdanningsinstitusjonar, studentar og kompetansebehov er i endring og at livslang læring og tettare samarbeid mellom utdanning, arbeidsliv og regional utvikling blir viktigare. USN vil framleis vere ein sentral samarbeidspartnar, men Hallingdal har også moglegheit til å styrkje samarbeidet med fleire universitet, fagskular og andre kunnskapsmiljø *som til dømes Utdanningssenteret på Geilo*. Dette gir grunnlag for eit breiare og meir robust kompetansetilbod i regionen.

For å lukkast vidare trengst det godt samarbeid og god samordning mellom utdanningsinstitusjonar, kommunar og næringsliv, og ein felles strategi for framtidig kompetanseutvikling. Denne drøftinga handlar om korleis Hallingdal kan byggje ein langsiktig og berekraftig modell som møter framtidige kompetansebehov og styrkjer regionen sin attraktivitet.

Vurdering:

For å utvikle høgare utdanning vidare kan det vere aktuelt etablere ei felles regional overbygning for høgare utdanning i Hallingdal.

For å styrkje utviklinga av høgare utdanning i Hallingdal kan det vere aktuelt å samarbeide tettare, endre samarbeidsform eller etablere ei felles regional koordinatorrolle eller overbygning. Målet er å samle og styrkje eksisterande initiativ, bidra til betre samhandling og gi Hallingdal ei tydelegare rolle som kunnskapsregion.

Ein slik funksjon kan ha ansvar for:

- samordning mellom utdanningsaktørar, kommunar og næringsliv
- utvikling av nye utdannings- og kompetansetilbod
- kartlegging av framtidige kompetansebehov
- prosjektutvikling og finansiering
- drift av eit regionalt utdanningsråd

Organiseringa kan byggje på samarbeid mellom kommunane, næringslivet og relevante regionale aktørar. Målet er ikkje å etablere nye utdanningsmiljø, men å skape ein struktur som bind saman og vidareutviklar dei som allereie finst.

Til drøfting:

- Ser regionrådet behov for ei felles regional koordinatorrolle for høgare utdanning og kompetanseutvikling?
- Kva rolle bør ei slik funksjon ha overfor Campus Hallingdal, USN, Fagskulen, Utdanningssenteret Geilo, Hallingdal Næringshage og andre aktørar?
- Bør det utgreiast ein modell med regional koordinator og utdanningsråd?
- Korleis kan kommunar, næringsliv og utdanningsaktørar saman sikre finansiering og forankring?

Ei avklaring av desse spørsmåla vil gi eit viktig grunnlag for vidare utvikling av Hallingdal som ein samla, framtidsretta kunnskaps- og kompetanseregion.

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Hallingdal, 15. sept 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar